

Ryfylkealliansen  
Ryfylke IKS  
Næringsforeningen i Stavanger-regionen  
I samarbeid med Sandnes kommune, Lysefjorden Utvikling  
og **Sparebanken Norge**



inviterer til

## **Ryfylkekonferansen (Arena MOR\*) 2025**

Onsdag 22. oktober og torsdag 23. oktober

Med Lysefjorden i alle fasettar

\*Arena Ryfylke og MOR-konferansen har slått seg saman til ei samling

### **Berekraftig næringsutvikling i Ryfylke – og så?**

Me spør rett ut: *Kva skal til for å sikra ei berekraftig framtid innan:*

- *Reiseliv og lokalsamfunn*
- *Energi, havbruk og naturressursar*
- *Kompetanse og utdanning*
- *Ungdom og arbeidsplassar*

Få med deg: Fjordhopping med Rygerelektra – Flørli – Karen Kyllsø – Norsk Spennbetong – Christine Sagen Helgø – Pilt-Ola pris – Ole Ueland – Investorar og aktørar – Strand vgs-elevar – Håvard Handeland – Lysefjordsenteret – Ryfylkekokken – Joker Lysefjorden – Utdanningscenter - Avinor – Lysefjorden Utvikling - Ryfish og meir til

Programmet blir tilpassa kollektiv trafikk frå nord, aust og vest. Sjå meir under transport.

Ryfylkekonferansen blir arrangert av Ryfylkealliansen, Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen, i nært samspel med Sandnes kommune og Lysefjorden Utvikling. Sparebanken Norge er vår hovudsamarbeidspartnar. I tillegg har me med oss fleire andre gode medspelarar.

### **Lysefjorden spesielt og Ryfylke generelt**

Majestetiske Lysefjorden er ramma for årets storsamling i Ryfylke. Lysefjorden er på mange område flaggskipet for Ryfylke og Rogaland. Men, kva skjer nå? Nå har nettopp fylkeskommunen vedtatt ein ny regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Men, kva får den å seia for reiselivet, næringslivet, arbeidsplassar, ungdom, lokalsamfunn og rekruttering til Ryfylke? Me går høgt og lågt, vidt, breitt og tett når me leikar, undrar og blir utfordra med kva framtid me har i vente ... for heile Ryfylke.

Velkomen til ei storsamling med mange inntrykk.

Onsdag 22. oktober kl. 10.00 til 19.00

Rygerelektra og Lysefjordsenteret

Torsdag 23. oktober kl. 09.00 til 14.30

Lysefjordsenteret

## **Bakgrunn for Ryfylkekonferansen**

Arena Ryfylke og MOR-konferansen har slått seg saman til ei samling. MOR-konferansen (Motivasjon, Opplæring, Rettleiing) har tidlegare gått over to dagar i september, medan Arena Ryfylke har vore ein langdag i november. Nå er det ei glede å invitera til to spennande dagar, som har fått namnet Ryfylkekonferansen. Bli gjerne med på begge dagar, eller du kan melde deg på enten dag ein eller dag to.

## **Program:**

(programmet er under kontinuerleg utarbeiding)

### **Onsdag 22. oktober: Rygerelektra og Lysefjordsenteret**

Rygerelektra er både lokasjon og transportmiddel. Rødne sin heilelektriske hurtigbåt ligg til kai ved Lysefjordsenteret. Frå kl. 09.15 er du velkomen om bord til kaffi, frukt og drøs. Dei som reiser kollektivt (og me vonar mange vil gjera det) vil koma fortløpande fram mot kl. 10.00 (sjå transport).

**Kl. 10.15: Me kastar loss frå Lysefjordsenteret**, og gjer oss klare for ein opplevingsrik tur som inneheld både guiding, aktuelle tema, mat, stopp undervegs og gode samtalar. Dette er noko av det me får oppleve på turen:

- **Så kva skjer med denne Lysefjorden?**

Ny regionalplan. Men, blir mange ord til berekraftig realisme? Og for kven? v/ fylkesordførar Ole Ueland, dagleg leiar Helge Kjellevold i Lysefjorden Utvikling/Stiftelsen Preikestolen + aktørar i fjorden.

- **Kva globar er det som duppar uti fjorden der?**

Funkar fisk i lukka jo-jo? Arne Berge forklarar om livet i ein Fishglobe

- **Frisk lunsj frå Joker Lysefjorden**

Rune Stangeland berre måtte driva handel i n-te generasjon

- **Bedriftsbesøk på Norsk Spennbetong**

Naturleg byggjeråstoff til folket! Og sjølvforsynt og vel så det med solceller på taket. Bli med på ei spennande omvising hos ei bedrift med heile Norge som nedslagsfelt. Og samarbeidet og råstofftilfanget frå Forsand Sandkompani er uvurderleg.

- **Preikestolen, Fantahåla, geiter og foss**

Me er trass alt på tur i eit av dei mektigaste naturområda i verda

- **Polfarar Karen Kyllsø: Alltid på tur - men, på veg mot kva?**

Eit intervju i vandrar Pilt-Ola sitt rike. Kva tenkjer Karen om framtida for seg og for Ryfylke?

- **Kva vil Sandnes kommune med Forsand og Lysefjorden?**

Ordførar Kenny Rettore i Sandnes kommune er konkret og tydeleg

- **Kraftfulle Flørli, for energi og turisme**

Lyse og Lysefjorden Utvikling inviterer på land og fortel kva som skjer!

○ **Rutetilbodet i Lysefjorden; baklengs inn i framtida?**

- Rutetilbod frå hand til munn - ingen offentleg nytenking for å skapa langsiktige økonomisk berekraft v/ Lars Rødne i Rødne og Helge Kjellevold i Lysefjorden Utvikling
- Slik vil me løysa rute-floken v/ny leiar i samferdselsutvalet i Rogaland fylkeskommune
- Slik har me organisert flyutvikling til Sola, og det saman med fylkeskommunen, v/ Anette Sigmundstad, lufthavndirektør i Avinor

○ **Kvifor vil me investera i Lysefjorden?**

Samtale med nokre av dei som har satsa pengar på vekst i fjordområdet:

- Tom Norland frå The Bolder
- Eyvind Flood, Norwegian Experience
- Chris Pedersen frå Kronengruppen

**Kl. 16.30 Ankomst Lysefjordsenteret**

Ryfylkekokken er klar med laks på bål ute – og middag vidare inne.

Berekraftig meny frå matfatet i Ryfylke. Ei verkeleg smakfull og mettande oppleving med det beste frå heile Ryfylke.

Utdeling av den gjeve Pilt-Ola prisen

**Kl. 18.35 Middag ferdig**

**Kl. 18.55 Avreise frå Lysefjordsenteret**

Buss til Jørpeland, Solbakk og Tau (passar med bussar til Hjelmeland og Stavanger + båt til øyane, Suldal og Sauda).

Buss til overnattingsplassar.

*Meir info under transport*

**Torsdag 23. oktober - Lysefjordsenteret**

Kaffi, drøs og mingling frå kl. 08.45. Bussane frå overnattingsplassane er inne mellom 08.45 til 09.00.

○ **Polarskulen, kontinuerleg mastergrad for små og store reiser, avgjerder og steg i kvardagen.**

Polfarar Karen Kyllsø om å læra, våga, utfordra seg sjølv – og tenkja nye berekraftige tankar undervegs.

○ **Me bryr oss om ungdomen – og tar ungdomen på alvor**

Andrea Hebnes Tobekk i Ryfylke IKS tar oss med på spennande ungdomsprosjekt i søkk og kav. Ryrekrutt, Sommarjobben, Heim til Ryfylke mm

○ **Når skule og næringsliv byggjer og byggjer ut i lag**

Slik byggjer me for fleire elev- og arbeidsplassar. Med rektor Erik Danielsen og elevar frå Strand vgs + dagleg leiar Ole Gunnar Fjelde i Comrod. Om å handla raskt for å tenkja langsiktig.

- **Ta ryfylkeungdomen på alvor!**

Må du bevisa at du kan noko eller blir ein respektert for den ein er?  
Engasjert innlegg ved ordførar Håvard Handeland i Sauda kommune.

- **Lunsj for svoltne og offensive folk**

Fiskesuppe a la Lysefjordsenteret slår alltid an

- **Men seriøst: Kva kompetanse er det me treng framover?**

v/ Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim, prorektor for innovasjon og samfunn ved UiS

- **Ryfylke Utdanningscenter IKS – hva skjer a?**

For nå er ein i gong. Men, kva betyr så det?

- **Kva skjer når «alle» vel yrkesfag?**

Om trendar, kompetansebehov og kva bedriftene spør etter.  
v/ regiondirektør Christine Sagen Helgø, NHO Rogaland

- **Visingsanlegg for oppdrettsnæringa i og ved Lysefjorden**

Arne Berge i Ryfish har planane klare

- **Så kor skal Ryfylke få alle folka frå då?**

Skråblikk v/ Leif Tore Lindø, kommentator i Stavanger Aftenblad

*Programslutt og litt mat for blodsukkeret kl. 14.30.*

## **Berekraftig transport**

Me oppmodar til å reisa kollektivt til og frå Ryfylkekonferansen! Ja, nå kan så godt som alle nytta kollektive løysingar for å koma seg til og frå arrangementet.

### Frå Sauda/Sulda/Finnøy

*Onsdag 22. oktober:* Ta hurtigbåt i rute frå Sauda 06.50 og ut over på kaiene i Suldal og øyane i Finnøy. Denne båten endar opp i Stavanger kl. 09.15. Her ligg ekstrabåt frå Rødne på nabokaien og ventar. Avgang kl. 09.20 direkte til Lysefjordsenteret og Rygerelektra (ankomst kl. 10). Gratis!

*Retur same kveld?* Gratis ekstrabuss frå Lysefjordsenteret kl. 18.55, via Jørpeland, Solbakk og til Tau kai. Hurtigbåt kl. 19.50 frå Tau, som er på Judaberg 20.20.  
Korresponderer med Saudaruta.

*Bli igjen til torsdagen?* Gratis ekstrabuss til overnattingsstader om kvelden og retur om morgongen til Lysefjordsenteret.

*Men torsdagen vil du uansett heim?* Etter konferanseslutt torsdag går det gratis ekstrabuss frå Lysefjordsenteret kl. 14.55 via Jørpeland, Solbakk og til Tau kai. Hurtigbåt kl. 15.50 frå Tau, til øyane, Suldal og Sauda.

#### Frå Stavanger

*Onsdag 22. oktober:* Gratis ekstrabåt kl. 09.20 (Rødne) frå Fiskepiren – rett til Lysefjordsenteret og Rygerelektra (ankomst kl. 10).

*Retur same kveld?* Gratis ekstrabuss frå Lysefjordsenteret kl. 18.55, via Jørpeland og til Solbakk. Ta då buss kl. 19.31 frå Solbakk gjennom Ryfast og til Stavanger.

*Bli igjen til torsdagen?* Gratis ekstrabuss til overnattingsstader om kvelden og retur om morgonen til Lysefjordsenteret.

*Men torsdagen vil du uansett heim?* Etter konferanseslutt torsdag går det gratis ekstrabuss kl. 14.55 frå Lysefjordsenteret via Jørpeland og til Solbakk. Buss kl. 15.31 eller 15.46 til Fiskepiren i Stavanger.

#### Frå Hjelmeland/Tau/Jørpeland

Rutebuss 140 frå Hjelmeland kl. 07.20. På Solbakk kl. 08.25. Eigne bussruter frå Tau til Solbakk bussterminal. Gratis ekstrabuss med Boreal går kl. 08.50 frå Solbakk. Avgang kl. 09.05 frå busshaldeplass ovanfor Strand Rådhus på Jørpeland. Ankomst Lysefjordsenteret/Rygerelektra kl. 09.20.

*For dei som skal heim etter dag 1:* Gratis ekstrabuss frå Lysefjordsenteret kl. 18.55. Ankomst Strand Rådhus kl. 19.10, Solbakk bussterminal kl. 19.20 (rutebuss til Hjelmeland kl. 19.33) og Tau kai kl. 19.30.

*For dei som overnattar til dag 2:* Gratis ekstrabuss til overnattingsstader. Buss kl. 14.55 frå Lysefjordsenteret, Strand rådhus kl. 15.10 og Solbakk bussterminal kl. 15.20. (Rutebuss til Hjelmeland kl. 15.33) og Tau kai kl. 15.30

## **Overnatting**

Me har vore i kontakt med fleire overnattingsplassar i nærleiken av Lysefjorden. Desse er førebudde på moglege bestillingar 22.-23. oktober. Ønskjer du å booka overnatting, kan du ta kontakt med desse plassane:

- [Preikestolen Fjellstove](#)
  - Twinrom/dobbeltrum/3- og 4-mannsrom
  - Rabattkode: Ryfylkealliansen
  
- [Gøysa Gard](#), Forsand
  - Hytter/leilegheiter
  - To rom med fire senger, resten har to senger/dobbeltsenger
  - Bestilling kan gjerast via e-post ([booking@lysefjorden.com](mailto:booking@lysefjorden.com))
  
- [Lilland Hotell](#), Tau
  - Bestilling via e-post ([booking@lillandhotell.no](mailto:booking@lillandhotell.no))
    - Merk bestillinga med Arena MOR

- Bestilling må innehalda fullt namn, e-post og mobilnummer
- [Verkshotellet](#), Jørpeland
  - 15% rabatt på alle romtypar
  - Kampanjekode: Ryfylke1015
  - Tilbod gjeld kun for reservasjonar gjort pr telefon (407 21 233) eller mail ([post@verkshotellet.no](mailto:post@verkshotellet.no))
- [Lysefjorden Hyttegrend](#)
  - Hytteutleige
  - Oppredde senger og handklede
  - Ikkje frukostservering
  - Bestilling via mail ([post@lysefjord-hyttegrend.no](mailto:post@lysefjord-hyttegrend.no)) eller nettsida

Det vil gå buss mellom overnattingsplassane og Lysefjordsenteret.

## **Påmelding**

Ved påmelding, kryss av for om du vil nytta deg av følgjande gratis ekstraskyss:

- Hurtigbåt med Rødne frå Fiskepiren, Stavanger onsdag kl. 09.20 – direkte til Lysefjordsenteret – ankomst 10.00
- Ekstrabuss onsdag frå Solbakk bussterminal kl. 08.50 og Jørpeland 09.05 (haldeplass Strand Rådhus) til Lysefjordsenteret – ankomst 09.20
- Ekstrabuss onsdag frå Lysefjordsenteret kl. 18.55 til:
  - Strand Rådhus, Jørpeland 19.10
  - Solbakk Trafikkterminal 19.20 (rutebuss vidare til Stavanger eller Hjelmeland)
  - Tau Kai 19.30 (hurtigbåt kl. 19.50 – korresponderer med Saudaruta på Judaberg kl. 20.20)
- Onsdag kl. 19: Ekstrabuss til overnattingsstader på Forsand/i Strand:
  - Kor overnattar du?
- Ekstrabuss frå overnattingsstad torsdag morgon til Lysefjordsenteret – ankomst 08.45 (avgangstid frå overnattingsplass vil bli tilsendt i forkant)
  - Kor overnattar du?
- Ekstrabuss torsdag etter konferanse kl. 14.55 til
  - Strand Rådhus, Jørpeland – ankomst 15.10
  - Solbakk Trafikkterminal – ankomst 15.20 (ordinære rutebussar vidare til Hjelmeland eller Stavanger)
  - Tau Kai – ankomst 15.30 (hurtigbåt til Judaberg og vidare til Suldal og Sauda)

## **Prisar**

**\*Early bird\***

Tidleg på an? Dersom du melder deg på innan 15. august, får du begge dagane samla for 2000 kroner. Vil du melda deg på kun ein dag, må du venta til 15. august.

Etter 15. august er prisane følgjande:

1 900 kroner for dag 1 (22. oktober)

740 kroner for dag 2 (23. oktober)  
2 300 kroner for begge dagar

Prisane er ekskl. mva og gjeld for medlemmer i Ryfylkealliansen og Næringsforeningen i Stavanger-regionen. Medlemmer i Ryfylkealliansen skriv ALLIANSEN i feltet for rabattkode. Pris for ikkje-medlemmer er 6000 kroner før 15. august. Etter 15. august er prisane 5 700 kroner, 2 220 kroner og 6 900 kroner.

Ekstrabåt og ekstrabuss som blir sett opp, er inkludert i prisen.  
Ordinær buss- og båttransport bestiller og betaler den enkelte.

[Påmelding her](#)

## **Bli medlem? Eller spørsmål om konferansen?**

Ta kontakt med

Egil Hollund

[hollund@naeringsforeningen.no](mailto:hollund@naeringsforeningen.no)

992 93 700

Tor Øyvind Skeiseid

[tor@ryfylkelivsgnist.no](mailto:tor@ryfylkelivsgnist.no)

982 06 333

**Ryfylkekonferansen 2025 blir arrangert i samarbeid med**

